

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-113	16/304

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2020	Formannskapet	PS	10.06.2020
037/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

### Nasjonal Transportplan (NTP) 2022 - 2033 - fråsegn frå Masfjorden kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ber om Samferdselsdepartementet tek inn følgjande prosjekt inn i NTP for 2022 – 2033:

- Utbygging av ny E39 - Vågsbotn - Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg aust.
- Utbygging av ny E39 - Eikefet - Romarheim bru (Romarheimstunnelen)
- Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 ved avkøyrsløse Trodalen

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Samferdselsdepartementet inviterte den 18.03.2020 til høyring av transportverksemdene sine faglege tilrådingar/ svar knytt til arbeidet med Nasjonal Transportplan 2022 – 2033. I høyringsbrevet står det mellom anna følgjande:

*«Samferdselsdepartementet inviterer med dette til høyring av transportvirksomhetenes svar på oppdragene. Samferdselsdepartementet tar gjerne imot uttalelser også fra andre enn de som står som adressater i dette brevet om høyring.*

*Vi gjør oppmerksom på at Samferdselsdepartementet også har invitert Sametinget, fylkeskommunene og de fire største byene til å komme med innspill om prioriteringer med frist 14. mai 2020, og at tilbakemeldingene vil bli lagt på departementets nettsider.*

*Frist for uttalelser er 1. juli 2020. Samferdselsdepartementet vil løpende vurdere fristen, og videre*

*framdrift i NTP-arbeidet opp mot den krevende situasjonen landet per i dag har med koronaviruset.»*

Arbeidet med prioriteringane for NTP er i gang og 14. mai skal fylkestinget i Vestland sende sine innspel til prioriteringar på samferdsleområdet. Frist for innspel til Vestland fylkeskommune var 3. april 2020. Samferdselsdepartementet har bedt fylkeskommunane om å vektleggje følgjande i arbeidet med innspela:

- Løysingane må vere i prioritert rekkjefølgje
- Løysingane må kunne handtere utfordringane. Samanhengen mellom utfordringar og framlegg til løysingar skal vere godt skildra.
- Fylkeskommunane er bedne om å kome med framlegg til korleis dei kan bidra til kostnadsreduksjon og redusert planleggingstid i føreslegne løysingar.

Samferdsledepartementet vil i det vidare arbeidet leggje vekt på :

- Samfunnsøkonomisk lønsemd og effektivitet
- målstrukturen for NTP 2022-33
- realistiske forventningar om fordeling på dei ulike landsdelane
- teknologisk utvikling, særleg å unngå å gjere store avgjerder for investeringar i løysingar som er særleg teknologisk sårbare.

Statens Vegvesen (SVV) har allereie levert innspel til prioriteringar i NTP i to bevilgningsnivå: låg ramme, - som i dag, og høg ramme med 20% årleg auke, samt første periode (2022-27) og andre periode (2028-33). I vår region har SVV prioritert Hordfast i første periode og i låg ramme. Elles er diverse skredsikring prioritert på E39 i andre periode, basert på høg ramme. Nye Veger har ikkje foreslått eller prioritert prosjekt i vår region i sitt NTP- framlegg. Nordhordland er del av ein stort felles bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen, eit tyngdepunkt i Vestland fylke. E39 er hovudvegen som bind saman det nye fylket. E39 har i dag ikkje effektiv, miljøvennleg og trygg trafikkavvikling som er dei strategiske måla i NTP 2022-33.

På grunn av at fylkeskommunane har fått kortare frist, har Regionrådet Nordhordland i brev av 02. april sendt sitt tilsvar til Vestland fylkeskommune. Her kjem det klart fram at:

**« Utbygging av ny E39 Vågsbotn - Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg øst, er på dette grunnlag prioritert nr. 1 for Nordhordland.»**

Vidare vert følgjande tre andre vegprosjekt langs E39 sett opp som viktige. Desse er :

- E39 Eikefet - Romarheim (rassikring)
- E39 Knarvik - Oppedal (trafikktryggleik / rassikring)
- E 39 Flatøy - Eikefettunnelen (E39 i tunnel utanom regionsenteret Knarvik)

I tillegg vert det oppmoda om at fylkesveg 57 vert oppgradert til riksveg, og at det må koma meir midlar til vedlikehald på fylkesvegar og at kollektivtilbodet mellom Bergen og Nordhordland må utviklast vidare.

Brevet frå Regionrådet Nordhordland dagsett 02. april ligg ved saka.

Regjeringa vil etter det ein kjenner til venteleg arbeide med ein stortingsproposisjon som ein ser for

seg vil verta lagt fram vinteren 2020-2021 med påfølgjande handsaming i Stortinget i løpet av vårterminen 2021.

## Vurdering

Rådmannen meiner at Regionrådet Nordhordland har gjeve ei god fråsegn til Vestland fylkeskommune, og at deira brev har fokus på dei viktigaste samferdselsprosjekta på riksvegnettet som gjeld for Nordhordland og for Masfjorden kommune. Ein meiner at saka likevel bør handsamast lokalt, slik at Samferdselsdepartementet også kan få ei fråsegn direkte frå kommunestyret i Masfjorden.

Rådmannen meiner at det er svært viktig å få fram **E39 Eikefet - Romarheim bru** inn i ramma i endeleg NTP som prioritert prosjekt. Ein vil vise til at reguleringsplanen for dette vegprosjektet vart godkjent i 2014, etter at kommunedelplanen først vart godkjent i 2011. Statens Vegvesen hadde planarbeidet.

Ein vil peika på at noverande vegstrekning mellom Eikefet til Romarheim er den dårlegaste strekninga langs E39 i heile Hordaland. Vegen her er både ein flaskehals for tunge køyretøy og den dårlege standarden med mange svingar og dårleg sikt medfører stor fare for trafikkulykker. Den består mellom anna av mange trange og eldre tunnelar, kurvaturen er dårleg og mange stadar er det høge skjæringar med stor fare for ras og is-nedfall. Det er laga kostnadsoverslag for prosjektet etter «ANSLAG-metoden», som viser ein kostnad på krone 1 254 millionar i 2013 kroner. Nedunder er litt fakta og kart om parsellen vist:



Planområdet strekkjer seg frå Eikefet i sørvest til Romarheim i nordaust. Vegstrekninga er regulert etter alternativ 8 i *E39 Eikefet-Romarheim, kommunedelplan med konsekvensutgreiing*. Vegstrekninga tek til inne i eksisterande Eikefettunnel, om lag 500 meter frå nordre munning. Herfrå vert det ny tunnel som munnar ut om lag 400 meter ovanfor eksisterande veg i Eikefet. Vegen går i ein kort daglinje i nordre del av industriområdet der den kryssar Eikemovassdraget, og går vidare i ein omlag 6 kilometer lang tunnel til Romarheim. Tunnelen munnar ut om lag 400 meter nord for Romarheim bru, kryssar elva og koplarseg til eksisterande E39 sør for Gamlesetra i Romarheimsdalen.

Det planlagde vegprosjektet med tunnel frå Eikefet og Romarheimsdalen vil redusere køyrelengda mellom Sognefjorden og Bergen med 2050 meter. Ei slik nedkorting i reisetid og køyrelengd vil etter rådmannen si vurdering vera spesielt viktig for tungtransporten langs heile E39, men og vera viktig næringslivet og for mange innbyggjarar i dei tre kommunane Masfjorden, Gulen og Høyanger. Masfjorden kommune bør be om at dette vegprosjektet difor kjem inn i ramma som prioritert prosjekt i NTP.

Vidare vil Masfjorden kommune peika på at det er tre **utbetringar langs E39 i Masfjorden kommune** som bør koma inn i NTP. Desse må definerast som viktige trafikksikringstiltak langs E39 i

Nordhordland og bør visast særskilt i ramma til NTP som egne prioriterte prosjekt. Desse er:

1. **Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune.** Nytt kryss og utbetring av ei vegstrekning på ca 2 km. inkludert gang-/ sykkelveg mot Matre. Her ligg det føre godkjent reguleringsplan frå 28.10.2015. Statens Vegvesen var med å finansiere planarbeidet og deltok aktivt i arbeidet med reguleringsplanen.
2. **Utbetring av vegkrysset E39 forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune.** Gjeldande reguleringsplan vart godkjent i 2009, og stadfesta av kommunestyret den 21.06.2012. Her er det regulert eit kanalisert kryss etter vegnormalkrava, og med forbetring av både kurvatur og nye gangfelt.
3. **Utbetring av vegkrysset E39 ved avkøyrslen Trodalen.** Her har det vore alvorlege trafikkulykker og fleire nesten ulukker, og kombinasjon tunnel, bratt veg og vegkryss like ved tunnelen krev at tiltak snarast bør gjennomførast.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert gjeve ei fråsegn som støttar opp under viktige prosjekt i regionrådet sitt brev av 02. april 2020, og at ein samstundes vektlegg lokale vegprosjekt langs E39 som har stor nytte for innbyggjarar og næringsliv i Masfjorden kommune.

### **Formannskapet - 051/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune ber om Samferdselsdepartementet tek inn følgjande prosjekt inn i NTP for 2022 – 2033:

- Utbygging av ny E39 - Vågsbotn - Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg aust.
- Utbygging av ny E39 - Eikefet - Romarheim bru (Romarheimstunnelen)
- Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 ved avkøyrslen Trodalen

## **Kommunestyret - 037/2020**

### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune ber om Samferdselsdepartementet tek inn følgjande prosjekt inn i NTP for 2022 – 2033:

- Utbygging av ny E39 - Vågsbotn - Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg aust.
- Utbygging av ny E39 - Eikefet - Romarheim bru (Romarheimstunnelen)
- Utbetring langs E39 forbi Haugsværvatnet og Haugsværtunet i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 forbi Matre sentrum i Masfjorden kommune.
- Utbetring av vegkryss E39 ved avkøyrslø Trodalen